



# Temahefte Utmarksbeite til sau



**Nortura**  
bondens selskap

## INNLEIING

Ein sauebonde med beiterett i utmarka hentar i gjennomsnitt rundt 40 % av fôrgrunnen sitt her. Tilgang på utmarksbeite er difor ein føresetnad for at vi kan ha så mykje sau som vi har i Noreg i dag. Utmarksbeitinga bidreg også til å hindre attgroing og større biologisk mangfald ved at mange planter, fuglar og dyr er avhengig av det landskapet som beitinga produserer. Ny undersøkingar viser også at utmarksbeite gjev viktige positive bidrag når det gjeld klimarekneskapet. Difor betaler fellesskapet sauebonden for å bruke utmarksbeite i form av eit eige utmarksbeitetilskot.

Mange tenkjer at tilveksten på utmarksbeite blir det det blir, det er ikkje så mykje å få gjort noko med. Likevel varierer tilveksten mellom besetningar i same beiteområde. Ein kan difor påverke resultatet på utmarksbeite også.

I dette temaheftet vil du finne fagstoff om:

- Kva som kjenneteiknar ulike utmarksbeitetypar og korleis vi kan vurdere beitekvaliteten
- Korleis ein kan drive beiteskjøtsel og dermed auke tilveksten på utmarksbeite
- Kva rutinar ein bør ha før slepp på utmarksbeite, og når erøy og lam beitedyktige
- Kva ein bør vurdere når ein skal bestemme rett sleppe- og sanketidspunkt
- Korleis ein skal sleppe, gjennomføre tilsyn, styre og sanke sauene på utmarksbeite
- Organisert beitebruk og samarbeid om bruken av utmarka

## 1.0 KORLEIS VURDERE BEITEKVALITET

Det er i utmark som i fjøset og på innmarka, kvaliteten på føret er avgjeraende for produksjonsresultatet. Kvaliteten på utmarksbeite kan ha store regionale ulikheiter og stor lokal variasjon over korte avstandar. Næring og vatn i jorda er avgjeraende for kor voksterleg marka er. Dette er påverka av berggrunn, lausmassar, topografi, klimatiske faktorar m.m.

Beitekvaliteten til eit areal er avhengig av kor mykje beiteplanter som blir produsert, og næringssverdien i plantene. Det er i første rekke gras og urter som er beiteplanter. Enklaste måten ein kan vurdere kvaliteten på utmarksbeite på er derfor å sjå på tilhovet mellom gras og urter på den eine sida og lyng og lav på den andre. Dominerer lyng og lav er beiteverdien låg, men ein kan ofte sjå at sau ferdast også på slike areal. Det er oftast i sopptida.

Norsk Institutt for bioøkonomi (NIBIO) har ei eiga avdeling som tilbyr beitekartlegging. Her er vegetasjonskartlegging reiskapen. Plantedekket blir delt inn i 45 vegetasjonstypar ute i terrenget og seinare sortert i tre beitekvalitetar. Beitekart kan vera viktig å ha når ein skal dokumentere beitenæringa sine arealinteresser for andre arealbruksarar; hyttebygging, verneinteresser m.m., men også for planlegging av beitebruk og skjøtsel i større beiteområde. Berre om lag 10 % av norsk utmark er kartlagt på denne måten, og kartlegging går føre seg på oppdrag. Kartlagt areal ligg tilgjengeleg på <http://kilden.nibio.no>.

Ei forståing av kvaliteten på utmarksbeite kan likevel gjerast enklare, til dømes ved ei deling i tre marktypar etter kor mykje næring det er i jordsmonnet. Kvar marktype har ulik beiteverdi etter ein tredelt skala; mindre godt, godt og svært godt beite. I tillegg har vi areal som ikkje er vegetasjonsdekte eller ikkje er tilgjengelege for beitedyr.

### Lav- og lyngrik mark

**Kjenneteikn:** Dette er artsattig, lågproduktiv vegetasjon som opptrer på tørr og næringssattig mark, ofte på rabbar eller haugar i terrenget, på grøve lausavsetningar eller på grunnlende. Lavartar og tørketåande lyngartar som krekling, tyttebær og røsslyng dominerer undervegetasjonen. Mot kysten kan gråmose dominere.

Furu er ofte treslag på slik mark under barskoggrensa.

**Beiteverdi:** Her finn ein svært lite av beiteplanter. Så lenge beitedyra har alternativ, vil dei ta minimalt med fôr herifrå. Slik mark reknast ikkje som nyttbart beiteareal, men innslag av slike areal kan likevel vera verdfullt, mellom anna som kvileplassar. Dette er mindre godt beite.



Lav- og lyngrik furuskog



Lavhei

### Blåbærmark

**Kjenneteikn:** Vegetasjon på mark med moderat tilgang på næring og vatn. Dette er den vanlegaste marktypen i norsk utmark. Undervegetasjonen er dominert av blåbær og smyle. I snaufjellet kan dvergbjørk ha høg dekning. Ved sida av andre lyngartar, finst nokre lite krevjande urter og ofte eit tett mosedekke.

**Beiteverdi:** Høgt innhald av blåbær og smyle som begge blir beita, gjev typen middels beitekvalitet og beiteverdien kan settast til godt beite. Hogstflater på blåbærmark i skog kan bli totalt smyledominerte og er viktige beiteareal.



Blåbærgranskog



Rishei

## Gras- og urterik mark

**Kjenneteikn:** Artsrik og voksterleg vegetasjon som førekjem i lier og senkingar med god tilførsel av næring og friskt sigevatn. Urter, bregner og gras dominerer feltsjiktet. Ovanfor skogen finn ein ofte eit tett viersjikt. Bregner erstattar dette mot kysten.

**Beiteverdi:** Dette er dei beste beiteareala i utmark. Der beiting har forgått gjennom lang tid, vil slike areal vera grasrike og beiteverdien kan settast til svært godt beite. Areal som har grodd att med høge urter, bregner og vier, har mindre beiteverdi. Slik mark vil likevel ha høg potensiell beiteverdi som kan realiserast ved kultiveringstiltak.



Engbjørkeskog



Høgstaudeeng

I tillegg kjem det tre andre marktypar etter kor rikt jordmonnet er. Desse høver ikkje inn i denne tredelinga

## Snøleie

**Kjenneteikn:** På grunn av sterk vindverknad, fordeler snøen seg ujamt i fjellet. Blir snødekket mektig, kan utsmeltinga koma så seint at vegetasjonsperioden blir for kort for mange planter, og vi får danna spesielle plantesamfunn som kallast snøleie. Der snøen smelter ut sist i juni eller i juli, vil artar av gras og storr dominere, og vi kallar vegetasjonstypen for grassnøleie. Der snøen ligg til ut i august, er det lite av høgareståande planter som kan vekse. Vegetasjonen består mest av moseartar og vegetasjonstypen heiter mosesnøleie.

**Beiteverdi:** Planteproduksjonen i grassnøleia er låg, men beiteverdien er langt høgare enn produksjonen tilseier. Innslag av slik vegetasjon i eit beite er svært viktig, da dyra her kan finne ferskt plantemateriale etter som snøen smeltar utover sommaren. Mosesnøleia har lite av beiteplanter, men ein ser ofte at sauene går og plukkar det vesle som finst utover ettersommaren og hausten.



Grassnøleie



Mosesnøleie

## Forsumpa mark

**Kjenneteikn:** Enkelte lokalitetar har permanent høg råme heilt opp i jordoverflata. På slike stader finn vi vegetasjonstypar som grasmyr og sumpskog. Her dominerer storr- og grasartar. Spesielle tilhøve har vi der myra byggjer seg opp så planterøtene ikkje lenger når ned til grunnvatnet. Planter som er tilpassa til å greie seg berre med nedbørvatnet, vil dominere her. Dette kan vera røsslyng, molte, torvull m.fl. Slik vegetasjon går under vegetasjonstypane rismyr og myrskog.

**Beiteverdi:** Sau vil i liten grad beite på forsumpa areal, men der botnen er fast, helst på bakkemyrer, ser ein sau også på myr. I tørre periodar held myrvegetasjonen seg friskare, og myrene kan vera viktige i beitet. Rismyr har låg beiteverdi.



Grasmyr



Rismyr

## Fuktmark

**Kjenneteikn:** I strok med høg nedbør, opptrer store areal av fukthei eller fuktmark. Dette er ein overgangstype mellom myr og fastmark. To artar dominerer her; blåtopp og bjønnskjegg.

**Beiteverdi:** Sauen ét vanlegvis lite bjønnskjegg, men tidleg i sesongen kan denne planta vera viktig litt etter kva alternativ som finst. Blåtopp blir vanlegvis rekna å vera for grøvt for sau, men der det er få alternativ, betyr nok dette graset mykje. Blåtoppinnhaldet vil avta etter kvart som ein kjem høgt i fjellet. Fuktmark kan setjast som godt - mindre godt beite.



Fuktskog



Fukthei

## Skogtilstand

Tett tresjikt fører til at lite lys og varme når undervegetasjonen. Planteproduksjon i undervegetasjonen blir da låg. Tett tresjikt gjer også beitemarka vanskeleg tilgjengeleg for beitedyr. Slepp lys og varme ned i undervegetasjonen, viser forsøk at ein kan 2-3-doble produksjonen i engbjørkeskog ved tynning. I blåbærbjørkeskog og fattigare typar har ein ikkje så mykje att for slike tiltak.

Størst endring er det ved hogst i tett granskog, da undervegetasjonen her produserer svært lite. Etter hogst slepp meir lys og varme ned i skogbotnen, og undervegetasjonen blir frodig i blåbær- og engskogar. Det tar tid før plantene veks til viss skogen har vore tett. Etter 3-4 år er oftast grasveksten god, og det vil vera godt beite nokre år. Der snauflatene blir tilplanta straks etter hogst, kan det ta 12-15 år til kronedekket blir tett og gjer marka vanskeleg tilgjengeleg for beitedyr. I beitesamanhang er det hogstklassen 1 og 2 som har størst interesse. I skog med normal hogstklassefordeling, utgjer dette omlag 25 prosent av det produktive skogarealet.



Det er stor forskjell på planteproduksjon og artssamsetting frå unge plantefelt til gammal skog i blåbærgranskogen.

## 2 BEITEKAPASITET

Tilpassing av dyretalet til beiteressursen er viktig. For mange dyr vil gå ut over tilveksten, men for få dyr kan også vera uheldig da dette går ut over skjøtselen og dermed kvaliteten av beite. Når ein skal vurdere beitekapasitet, blir det feil å ta utgangspunkt i totalarealet av beiteområdet, fordi så mykje av norsk utmark ikkje er brukande beite. Det er arealet av nyttbart beite som er viktig, det vil seie det arealet ein kan rekne med at beitedyr tek opp plantegrøde av betydning for tilvekst i frå. Nyttbart areal er areal som kan klassifiserast som godt og svært godt beite. Dette vil variere mykje, i snitt er 45 % av norsk utmark nyttbart areal.

Det er laga ein rettleiing tabell (tabell 1) for kor mange beitedyr som kan høve for ulike beitekvalitetar. I tabellen er det ikkje snakk om beitekvalitet for ulike marktypar, men ein områdevise beitekvalitet ut frå fordeling av marktypar. Det er brukta same gradering som for marktypane, så dette kan kanskje vera litt forvirrande. Tabell 2 gjev ei rettleiing for korleis det kan gjevast ei gróv områdevise klassifisering som inngang til tabell 1. Vegetasjonskart er beste grunnlaget for ei slik klassifisering, men den kan også gjerast på enklare vis for den som kjemmer beitet sitt nokolunde. Prøv å teikn inn ei gróvfordeling av marktypar på eit kart med km<sup>2</sup>-ruter, og gjer ei vurdering av arealfordelinga ut frå dette. Ei god synfaring i terrenget kan også gje bra grunnlag for ei «kvalifisert synsing» kring fordelinga av beitekvalitetar.

**Tabell 1. Beitekapasitet for sau på utmarksbeite**

Beitekvalitet	Dyr per km <sup>2</sup> nyttbart areal	Dekar per dyr
Mindre godt beite	33-54	30-19
Godt beite	55-76	18-13
Svært godt beite	77-108	13-9

**Tabell 2. Rettleiing for områdevise klassifisering av beiteverdi ut frå marktypefordeling.**

Beiteverdi	Beskrivelse av nyttbart beite
Mindre godt beite	Areal dominert av vegetasjonstypar med beiteverdien godt beite (blåbærmark) og mindre godt beite (lav- og lyngrik mark). Vegetasjonstypar med beiteverdien svært godt (gras- og urterik mark) førekjem lite.
Godt beite	Areal dominert av vegetasjonstypar med beiteverdien godt beite. 10-25% av arealet med nyttbart beite er vegetasjonstypar med verdien svært godt.
Svært godt beite	Areal der meir enn 25% av arealet med nyttbart beite, er vegetasjonstypar med beiteverdien svært godt.

NB! Det må understrekast at utrekning av dyretal for å finne beitekapasitet er grøve vurderinger med stor usikkerheit. Alle tal må reknast som rettleiande verdiar. Det tilrådde dyretalet i tabell 1 er sett ut frå eit målsetting om optimal produksjon av kjøt, samstundes som ein tek vare på ressursgrunnlaget på lang sikt. Sjølv om dyretalet er høgare enn det tilrådde, vil ikkje dyra mangle mat. Ved høgt beitebelegg vil dyra eta meir av planter med lågare forverdi som til dømes lyngartar.

Tabell 1 forutset jamt fôropptak og jamn planteproduksjon gjennom sesongen. Slik er det sjølv sagt ikkje. For veksande dyr er behovet for beite størst på slutten av beitesesongen, men da er tilveksten av beiteplanter minst. Ei vurdering av avbeitingsgrad i slutten av sesongen kan difor gje ein god indikasjon på beitetrykket. Vurdering av avbeitingsgrad bør gjerast i heile beitet for å avdekke spreiingsmønsteret til beitedyra. Det må takast

utgangspunkt i typar av høg beitekvalitet som har nokolunde jamm førekomst i området. Areal rundt saltsteinar eller på setervollar vil vera lite representative.

Det beste grunnlaget for å bestemme optimalt tal beitedyr i eit beiteområde ligg likevel i erfaringar med den praktiske bruken av området og utviklinga i avdråttsresultat over tid. Dersom ein følger med i utviklinga av beitebelegg og avdrått år for år, vil ein kunne tru at det optimale tal beitedyr er passert dersom avdråtten viser nedgang.

## 3 SKJØTSEL AV BEITE

Beitekvaliteten i utmark er ikkje berre eit resultat av naturgjevne veksevilkår. Mykje av naturen i Noreg ber preg av mange århundre med hard utmarkshausting, mellom anna ved utmarksslått og beiting. Vi ser i dag at haustinga oftast er for låg, slik at naturen endrar seg. Det mest synlege er at det gror att med skog og kratt. Også i undervegetasjonen skjer det ei endring frå det grasrike til meir høgvaksne urter og bregner som ikkje er gode beiteplanter. Beitekvalitet kan påverkast gjennom ulike skjøtselstiltak. Det mest nærliggande er rydding i tre- og busksjikt, slik at lys og varme slepp ned i undervegetasjonen, samstundes som denne blir tilgjengeleg for beitedyr.

Beiting i seg sjølv er eit skjøtselstiltak fordi det påverkar konkurranseforholdet mellom plantene. Artar som tåler avbeiting, trakk og gjødsling, kjem best ut. Dette gjeld i hovudsak gras og halvgras, som har veksepunktet så lågt at dette ikkje blir skadd ved beiting. Planter som dyrar ikkje likar, som er lågvaksne eller på andre måtar unngår å bli beita, blir også favorisert. Lyng, lav og høge urter tapar i konkurransen, først og fremst fordi dei ikkje tåler trakk som følger med beitinga. Område som gjennom lengre tid har vore utsett for beiting eller slått, vil få grasrik, engliknande vegetasjon med høg beiteverdi. Det er i første rekke vegetasjonstypar med god næringstilgang, som vil utvikle seg i den retning.



Grasrik engbjørkeskog



Grasrik høgstaudendeeng

### 3.1 Krattknusing

Krattknusing med eigna reiskap fjernar busker og kratt, slik at undervegetasjonen får meir ljós og varme. På attgrodde beitevollar vil krattknusing gje gode resultat, da det her er mykje beitegras og urter til stades som raskt vil breie seg ut, når busksjiktet blir fjerna. Elles er det i produktive vegetasjonstypar som høgstaudende ein har mest att for å sette inn slike tiltak. Rike risheier eigner seg også for krattknusing. Ei rik rishei har innslag av vier og planter som skogstorkenebb, marikåpe, engsoleie og sølvbunke.

Tørre, fattige risheier med mykje lavartar, krekling og røsslyng, bør ikkje knusast da fjerning av busksjiktet her vil føre til uttørking. Beiting i etterkant på slike areal kan føre til utvikling av eit tett dekke av det dårlege beitegraset finnskjegg. Skal ein gjera tiltak på fattige areal, må det gjødslast skal det bli godt resultat. Ein bør også unngå fuktige område, fordi bladarealet på buskene er viktige for fordampinga av vatn. Krattknusing kan difor føre til forsumping.

Røtene til krattet som er fjerna, vil overleve. Det er difor veldig viktig med beiting etter krattknusing, elles vil området snart vera overgrodd med nye rotskot. I frodige område vil beiting føre til at grasveksten blir favorisert i staden for uønska artar som til dømes tyrihjelm. Det er difor viktig å styre dyra inn i det krattknuste området med saltslikkestinar, knuste traséar, sleppespunkt om våren osv.

Steinete område vil fort øydeleggje krattknusingsutstyret, og er difor lite eigna. Ein bør også ta omsyn til andre brukarar av fjellet, både vilt og folk. Av landskapsomsyn bør ein følgje naturlege liner i terrenget.



Krattknusing i Grimsdalen



Krattknusing av beitevoll

### 3.2 Tynning av fjellbjørkeskog

Ein kan fleirdoble beiteproduksjonen i ein fjellbjørkeskog dersom ein tynnar den på rette måten. Det gjeld dei same prinsippa som

ved krattknusing, at ein skal vera forsiktig med å tynne tørr og fattig skog med lav og lyng i skogbotnen. Tynning her kan føre til uttørking og mindre beite. I fuktige område kan ein få forsumping om ein tynnar, fordi trea er med og drenerer. Det er den rike fjellbjørkeskogen med høveleg råme, som eignar seg best. Dette er gras- og urterik skog med innslag av artar som tyrihjelm, skogstorkenebb, høge bregner m.m.




Hagemarkskog



Bjørkeskog med finnskjegg

Tynning bør skje om våren eller tidleg på sommaren når sevja stig. Dette svekkar trea mest, og ein får minst rotrenningar. Kor mykje ein skal tynne, kjem an på beitetetrykket etterpå. Tynnar ein så hardt at det blir store ljósopningar i skogen, må ein ha høgt beitetetrykk etterpå for å unngå at ny skog veks opp. Dette unngår ein om det meste av skogbotnen ligg i skuggen. Ein bør difor ta vare på tre med god krone som kan ta over etter kvart. Tynning av nyleg attgrodde areal med tett ung skog, må ofte gjerast i fleire omganger.

For å få best mogleg kultiveringseffekt av beitedyra, er det viktig med tidleg slepp. Ei god avbeiting tidleg gjer òg at kvaliteten av beitet held seg betre utover sommaren. På frodige areal gjev storfe betre kultivering enn sau på grunn av større trakkeffekt og ved at storfe et grøvare planter. Sambeiting med fleire dyreslag gjev betre kultivering fordi ulike artar et litt ulike planter og brukar terrenget ulikt. Sambeiting gjev på det viset også høgare samla utnytting av eit beite.



Det nærmar seg tid for slepp på utmark. Dei lågaste partia har fått eit grønskjær (foto: Kari Mørkve Jordalen)

## 4.0 RUTINAR FØR BEITESLEPP

### 4.1 Klargjering av sauen

Alle sauar som skal sleppast på utmarksbeite, skal klyppast minst 14 dagar før beiteslepp. Dyr med gamal ull kan få hudskadar, og kan vera utsett for angrep av flugelarver på grunn av at det blir tett og fuktig under ulla. Ulla må også få tid til å vekse til eit isolerande lag om det blir ruskevær. Klauvene skal undersøkjast og eventuelt skjærast. Det er som regel behov for at lamma blir behandla mot innvortes parasittar. Det er vanlegvis ikkje naudsynt å behandle søylene. Veg lamma og sjekk vårtileksten. Ta på bjøllene nokre dagar før beiteslepp. Ungsøyar kan ofte bli stressa av bjølleklangen, og lamma må få tid til å lære seg lyden frå "mor si bjølle".

### 4.2 Vurdér om søyer og lam er beitedyktige

Beitedyktige søyer er friske dyr i normalt godt hald. Lamma må vera livskraftige og i god stand til å fylge mora på utmarksbeite. Søya skal også gje nok mjølk til at lamma får ein tilfredsstillande tilvekst. Gå tilsynsrundar på vårbeitet, og vurdér korleis søyer og lam fylgjer kvarandre. Ha eit spesielt auge på unge søyer med mange lam og søyer med adoptivlam. Lam bør vera minimum 14 dagar, runde og fine når dei blir sleppte i utmarka utan dagleg tilsyn. Haldet på søylene og vårtileksten til lamma er gode indikatorar på om søyer og lam er klare for livet i utmarka.

Ein del dyr skal av ulike årsaker ikkje sleppast på utmarksbeite:

- Dyr som haltar eller har andre skavankar som til dømes brokk (vommiskinn)
- Søyer med mastitt og speneskader. Sjekk jur og spenar!
- Søyer og lam med munnskurv. Munnskurvsmitte kan spreia, og risiko for mastitt er stor.
- Dyr med symptom på sjukdom (heng etter flokken, feber, diaré m.m.)

Dersom dyra blir heilt friske, så kan dei sleppast i utmarka etter kvart.

### 4.3 Tal lam per øye på beite

Før beiteslepp må det vurderast kor mange lam søya skal ha med seg. I tida etter lamming, inne og ute, vil det bli synleg om søya klarer å ta seg av alle lamma sine, slik at dei får ein normal god tilvekst. Dersom så ikkje skjer, vil ein vanlegvis gå i gang med å støtteføre lamma med mjølk og eventuelt kraftfør. Er ikkje det nok, så må ein ta vekk lam.


Ein må òg ta omsyn til kva slags utmarksbeite ein slepper dyra på – type, kvalitet m.m. Dette vil vera avgjerande for kor mange lam det er optimalt å sleppe med kvar øye. I område med låg beitekvalitet, så er det er ikkje uvanleg at bonden som hovudregel sett grensa ved 2 lam hos vaksne søyer og 1 lam hos åringar. Overskytande lam blir da tatt frå ved lamming og adoptert bort eller føra opp som overskotslam. Søyer i godt hald, støtteføring av lam, godt vårbeite og sluttføring av lam etter sinking vil kunne redusere behovet for reduksjon av tal lam før slepping på utmarksbeite.

## 5.0 SLEPPING, TILSYN OG SANKING

### 5.1 Sleppetidspunkt og slepperutinar

Når er høveleg tid for å sleppe sauene i utmarka? Det må vera så seint at det er nok beite til at det gir nok næring, slik at lamma får ein jann og god tilvekst. Samstundes bør ein sleppe så tidleg at søylene kan følge planteutviklinga i beiteområdet, og sortere ut dei gode beiteplantene medan dei er unge og næringsrike. I beiteområde med stor høgdevariasjon, betyr dette i praksis at ein bør sleppe sauene når dei lågaste partia i beiteområdet har fått eit grønskjær. Smyla og andre viktige beiteplanter bør vera omlag to fingerbredder høge. Ofte må ein bøye til sides daudgras for å vurdere det nye, grøne beitet som er i ferd med å vekse opp.

I skogsbeiteområde/lågareliggende område er det svært viktig å sleppe dyra så snart det er nok å eta. Ofte er det der mindre variasjonar i høgde over havet, slik at beitet kjem meir likt over store område. Slepper ein for seint vil det føre til at beiteplantene blir for gamle, slik at dyra ikkje vil ta dei. I høgfjellet kjem våren seinare, og beiteslepp må bli tilsvarende. Høgfjellet er også meir utsett ved verskifte med nedbør og låge temperaturar i overgangen mellom vår og sommar. Ein bør vera trygg på lamma er store og robuste nok til å kunne tolle dette. Ulik snømengde, snøsmelting og variasjon i høgdelag gjer at rett sleppetidspunkt kan variere med fleire veker innan same området.



Slepping av sau på høgfjellsbeite (foto: Karluf Håkull)

Gode slepperutinar er viktig for at søyer og lam ikkje skal kome frå kvarandre i samband med beiteslepp. For dei som har gardsnære utmarksbeite, er det best med punktslepping, dvs. at ein slepper 3-4 familiegrupper om gongen og på ulike stader i området. Da kan ein også få ein optimal alder og utvikling på lamma ved slepping, og ein får spreidd sauene i beiteområdet.

For den som er avhengig av lang transport med eit stort felles beiteslepp, så må dyra få høve til å roe seg slik at søyer og lam finn kvarandre før dei spreier seg utover i beiteområdet. Det beste er å sleppe sauene på eit inngjerda område, f.eks. på ei seterkve. Ein kan også bruke eit nes eller andre område som enkelt kan sperrast av ved hjelp av gjetarhundar og folk.

### 5.2 Tilsyn og styring av sauene

I "Forskrift om velferd for småfe" står det at "Dyr som holdes på utmarksbeite, skal sees etter minst en gang pr. uke i område uten særskilt risiko". Dei fleste som har sau på utmarksbeite og har høve til det, vel å samarbeide om tilsyn og sinking i eit beitelag. "Det var registrert 725 lag med til saman 1.529.000 sau og lam i 2018, dvs. 76 % av dei dyra som vart sleppt i utmarka i Norge det året.. (Sjå også avsnittet om organisert beitebruk). Ein del beitelag leiger inn folk til å gå beitetilsyn, medan andre fordeler oppgåvane mellom medlemane. Det er viktig med dokumentasjon av tilsynet, ikkje minst i område med rovvilt, slik at ein kan vise til at ein tilfredsstiller tilsynskravet. Notat frå tilsynsrundane er også viktig for eiga drift. Ein kan bestille notisbok til dette føremålet frå Norsk Sau og Geit.



Ingen ting er trivelegare enn å treffen friske sører og lam på fjellbeite som får beite i fred. (foto: Finn Avdem)

Plakatar og tavler rundt om i beiteområdet med namn og telefonnr. til eigar/ansvarleg i laget, er mykje brukt. Gjennom desse vil ein kunne få svært nyttelege opplysningar om skadde/sjuke dyr i sesongen og attgåande dyr om hausten. Plakatane kan også brukast til å minne om bandtvang.

Det er ikkje alltid slik at beitedyra fordeler seg idéelt i eit beiteområde. Plassering av salteplassar kan vera med å styre sauene til dei områda ein ønskjer dyra skal gå. Mange og mindre salteplassar fører til ei betre fordeling av dyra. Slepp få dyr om gongen, og før dyra dit ein ynskjer dei skal gå. Det siste er ikkje minst viktig når nye besetningar skal inn i eit område. Dyr som trekkjer ut av beiteområdet, bør slaktast. Dette gjeld både sører og lam. Ved utplukk av livdyr bør ein sette på lam etter sører som går i rett beiteområde dersom dei elles held krava.




Fin plassering av saltslikkestein med avrenning og solid underlag (foto Finn Avdem)

Sperregjerde er effektivt for å styre sauene og hindre at dei trekkjer ut av beiteområdet og inn på trafikkerte vegar, bustadfelt og dyrka mark m.m. Her er det viktig med gode avtaler; kven er eigar, kven er ansvarleg for vedlikehald av gjerdet osv. Dette er gjerde som blir sett opp av beitelag m.fl., og må ikkje forvekslast med gjerde mellom inn og utmark der det som oftast er fastsett i skjøter, utskiftingar, dommar m.m. kven som har gjerdeplikta.

Som hovudregel står gjerdeplikta ved lag så lenge den ikkje er avløyst ved skjønn eller dom. At den som har gjerdeplikta har slutt med husdyr, er ikkje god nok grunn til å legge ned gjerdet så lenge andre med beiterett har nytte av det. Gjerdet skal til kvar tid vera vedlikehalde, slik at det ikkje er til fare for folk eller dyr. (Sjå Lov om nabogjerde - Gjerdelova). Usemjø om gjerdeplikt og vedlikehald bør takast tak i så snart som råd er for å finne minnelege løysingar. Dersom det oppstår ein tvist, kan jordskifteretten vera eit godt alternativ.

### 5.3 Sanketidspunkt

Når skal ein sanke dyra heim frå utmarka? Det er fleire omsyn å ta i denne samanheng, men tilvekst hos lamma er sjølv sagt den viktigaste. I åra 2000-2003 vart det utført eit beiteprosjekt i Aust-Agder der ein vog lamma ved slepping, to gonger i løpet av beitesesongen og ved sinking. Ein fekk difor eit godt bilet på korleis tilveksten varierer gjennom ein beitesesong. Konklusjonen frå prosjektet var at alle beiteområda hadde eit tilvekstmønster som gjentok seg i større eller mindre grad kvart år som vist i figuren.



Periode 1: Slepping i utmark til 20.-25. juli

Periode 2: 20.-25. juli – 20.-25. august

Periode 3: 20.-25. august til sinking i starten av september

Tilveksten i dette beiteområdet var høg i starten, men fall sterkt i august i dei fleste åra. Beiteområdet hadde 23 % mindre godt beite og resten godt til svært godt beite. Kva slags eigenskapar utmarksbeitet har, må takast med i vurderinga ved fastsetting av sanketidspunkt. Område med låg kvalitet har ofte bra tilvekst i første del av sesongen, men fell gjerne fort ut på ettersommaren. Her kan difor tidleg slepp og tidleg sinking vera tilrådeleg dersom ein har gode heimebeite som alternativ. I område med høg beitekvalitet kan tilveksten halde seg betre utover, særleg dersom ein har god avbeiting som gjev nygroe i beitet. Har ein beite som vender i ulike retningar, vil nord- og austvendte hellingar ha seinare utvikling av vegetasjonen enn i sør- og vestvendte lier.


Fjellbeite med store høgdeforskellar kjem i ei særstilling. Her kan sauene trekke med snøsmeltinga og få tilgang på nygroe til langt ut på ettersommaren og hausten. Tilveksten kan difor halde seg høg lengre enn på skogsbeite. Uansett type beite, så er det viktig å følgje med utviklinga i vegetasjonen gjennom beitesesongen, avbeiting, korleis dyra oppfører seg (trekkjer ned, ut av beiteområdet osv.) og - om praktisk moleg - ta omsyn til dette ved fastsetting av sanketidspunkt.

Tilvekstkurven på utmarksbeitet og prisløypa på lam er dei viktigaste faktorane ein bør vurdere når ein bestemmer seg for når sauene skal sankast frå utmarksbeitet. Lam som har stagnert lenge på utmarksbeitet, byrar å avleire feitt ved ei lågare vekt enn lam som har hatt ein jamn og høg tilvekst heilt fram til sinking. Jamn og høg tilvekst heilt fram til sinking gjev difor lam med høg slaktevekt utan feitt-trekk. Har ein eit utmarksbeite som ikkje held ut lenge nok, så vil tidleg sinking og gode innmarksbeite kunne vera ei løysing.

## 5.4 Sanking

Sauesankinga blir mest effektiv om ein er nok mannskap, noko som mange lag slit med i dag. God mat og godt stell med slekt og vene som vil vera med på sauesank, er difor både triveleg og ei god investering! Å gå gjennom heile beiteområdet i dei dagane hovudsankinga går føre seg, er det ideelle. Helst bør dette skje samstundes i nabobeiteområda også. Da er det mindre moglegheit for at sau frå område der det ikkje er sanka sau, trekkjer inn i område som er ferdigsanka. Det er også viktig med godt samarbeid innom- og mellom nabobeitelag, slik at all sau blir teke med heim, uansett kven som er eigar av sauen. Eit beitelag har ansvaret for alle dyr innan sitt område. Dette er eit av vilkåra for å få tilskot gjennom Organisert beitebruk.

Hensiktsmessige sanke- og skiljeanlegg er viktige og heilt nødvendige investeringar i eit beiteområde. I ein del beitelagsområde ligg det til rette for å byggje eit stort og effektivt skiljeanlegg med sorteringsrenner og elektronisk vekt, der sauen raskt og effektivt blir sortert etter eigar, livdyr, lam som skal heim på sluttföring og slaktemogne lam som kan leverast rett til Nortura. Atter andre har beiteområde der mange mindre sankekveer er mest rasjonelt. Moglegheit for vatn og föring må også vurderast ut ifrå kor lengje sauen står i skiljeanlegget. Sankefeller i kombinasjon med salteplassar er også gode og rimelege hjelpemiddel for effektiv sauesanking.



Sankeanlegget til Beinhelleren i Stølsheimen (foto: Ingrid Sødal Eidsnes)

## 5.5 Teknisk utstyr

Det finst ulike hjelpemiddel for å effektivisere tilsyn og sanking av sauen på utmarksbeite.

- Radiobjøller som brukar mobilnett eller satellitt har vore på marknaden i mange år. Dette er gode hjelpemiddel for å sjå kor dyra beiter til ei kvar tid, om dei er kome utom beiteområde (varsle), om dei er levande eller daude osv. Både når det gjeld tilsyn og sanking/ettersanking, vil ein kunne spare mykje tid ved at ein veit kvar dyra er og dermed kan finne dei raskare.
- Det finst også merkeavlesarar som registrerer dyr gjennom det elektroniske øymerket. Slike avlesarar kan plasserast på ein salteplass, ved inngangen på ei sankefelle og liknande, og kan gi opplysningar om dyra til nytte for dyreeigaren.
- Dronar er eit anna hjelpemiddel som har vorte svært aktuelt dei siste åra. Mest fordi dei har stor aksjonsradius og er forholdsvis billige. Gjennom desse vil ein kunne redusere arbeidsmengda ved tilsyn og sanking. Risikoene for skader på personell i ulendt terrenget vil også kunne reduserast. Det er også i gang prosjekt der ein ser på moglegheit for å kopla radiobjøller og dronar saman, først og fremst med tanke på å sjekke signal om daude dyr, men også om uro i området. Før ein kjøper drone, er det viktig å setja seg inn i kva regelverk som gjeld for den type drone ein tenkjer å kjøpe.

• I sauesankinga er det viktig med god kommunikasjon for å bli så effektiv som mogleg. I område med dårlig mobildekning, kan ein sikringsradio vera ei god investering.

• No-Fence (ingen gjerde) er ei anna nyvinning for beitebrukaren som no er under utprøving. Dette er såkalla digitale gjerde/avgrensingar som beitedyra held seg innanfor ved at dei har ein klave som gir dei signal i form av lyd og straum. Så langt er dette utstyret godkjent for geit. Dersom dette skulle bli godkjent for alle dyreslag og fungerer som intensjonen er, så ville det representere store innsparingar i form av mindre gjerding.

Kostnaden med mykje av det nemnde elektroniske utstyret er ofte forholdsvis høg, men prisen er på veg ned og teknikken byrjar å bli utprøvd og driftssikker. Kostnaden må ein vurdere opp mot tida ein brukar på tilsyn og sanking av sau, samt levetida på utstyret.



Soyer og lam med radiobjelle (foto: Marianne Haraldsen)

## 6.0 BEITEBRUK OG ANNAN BRUK AV UTMARKA

I tillegg til beitebruk har det tradisjonelt vore jakt og skogbruk som utmarka har vore brukt til. Dette har dei siste 100 åra endra seg mykje, ikke minst i form av turisme av ulikt slag inkludert hyttebygging. På same måte som for beitebruken, har også desse gruppene ein rett til å nytte utmarka, enten basert på private eller ålmenne rettar. Sjølv sagt må beitebrukaren hevde sin rett, men samstundes er det viktig med samarbeid til beste for alle partar. Dette ser ein gjerne i form av felles tilsyn, vegar, bruar, gjerde, skilting, varsling om dyr m.m.

Den beste måten å sikre tilgangen til beiteressursane i utmarka på, er gjennom ein beitebruksplan forankra i kommuneplanen, der noverande beitebruk er dokumentert og framtidig behov er synleggjort. Ein slik plan vil også vera med å legge til rette for best mogeleg samla utnytting av ressursane i utmarka inkludert beitebruken. Ei kartlegging av beiteressursane innan kommunen vil gje eit godt grunnlag i denne samanheng. Det er ei viktig oppgåve for beitebrukarane å følgje opp at denne planen blir lagt til grunn i arealsaker der beiteområde er berørt.

## 7.0 SAU OG SKOGBRUK

I tidelegare tider var det store motsetnader mellom beitebruk og skogbruk. Dette skuldast at dyra vart sleppt for tidleg, slik at det var for lite beite og skogen vart beita på. Med endra driftsformer i saueproduksjonen med fokus på god tilvekst, så er dette eit nesten fråverande problem i dag. No blir beitande sau oftast sett på som ein fordel for skogbrukaren ved at dyra beiter ned uønska vegetasjon i plantefelta. Dette gjev gran- og furuplanter betre vekstforhold, føren for smågnagarskader blir redusert osv.

Det er likevel viktig å vera klar over at sauken kan gjera skade på plantefelt. Det viktigaste førebyggjande tiltaket er å ikkje ha for tidleg beiteslepp, slik at det er nok beite i form av gras, urter og tennung. Det er viktig å forhindre at sauken får smaken på bartre. Unngå difor å bruke greiner av bartre som "gnag" gjennom vinteren, bruk lauvtre til dette. Ein bør ikkje legge salteplassar i plantefelt, da sauken ofte legg seg og kviler på slike plassar. Små treplanter kan da lett bli øydelagde. Enda viktigare er dette med tanke på storfe.

## 8.0 ORGANISERT BEITEBRUK

Bønder som har dyr på beite i utmarka, kan organisere seg i beitelag gjennom ordninga Organisert beitebruk (OBB). OBB vart starta opp i 1970 med følgjande to-delte målsetting:

- Legge til rette for ein meir rasjonell utnytting av utmarka
- Redusere tap av dyr på beite til eit minimum.

Gjennom å organisere seg i beitelag, kan beitebrukarane samarbeide om tilsyn, sinking og nyinvesteringar som samle- og skiljekveer, sankekeller, sperregjerde, bruer, gjetarhytter og andre målretta tiltak for å rasjonalisere utmarksbeitebruken. På Norsk Sau og Geit sine heimesider finn ein teikningar av installasjonar det kan vera aktuelt å samarbeide om i beitelaga. Beitelaga kan søke om økonomisk støtte. Ta kontakt med landbruksetaten i kommunen. Søknadsskjema finn ein på Landbruksdirektoratet sine heimesider.

Gjennom OBB rapporterer beitelaga tal sleppte og tal sanka dyr i laget til Landbruksdirektoratet. På grunn av dette finst det tal for tapsutvikling heilt frå OBB vart starta opp i 1970. Dette er verdfull

dokumentasjon i diskusjonen om kva som er normalt tap i eit beiteområde før og etter at til dømes nye rovdyr kjem inn i eit område. Det er difor veldig viktig at innrapporteringa blir fylgd opp av beitelaga og fylka.

Hos Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er opplysingane frå OBB samla og knytt til kart over beitelaga i det som heiter Informasjonssystem for beitebruk i utmark (IBU) (<https://kilden.nibio.no>). IBU skal bidra til dokumentasjon av beitenæringa sine arealinteresser i utmark. Data herifrå kan brukast i arealplanlegging, til løysing av arealbrukskonflikter og er særleg eigna i høve til arbeid med kommunale beiteplaner og regionale problemstillingar. I tilskotsforvaltning er systemet ein sentral arbeidsreiskap. Kartfesting av kvar dypa går har vist seg veldig nyttig i samanheng med beredskap i høve til sjukdomar og ulykker som rammar utmarksbeitande dyr. Døme her er Tsjernobylulykka, skrapesjuke og skrantesjuke.

## 9.0 AVSLUTNING


Tilgang på gode utmarksbeite er ein viktig ressurs for sauebonden. Utmarksbeiting gjev også sauebonden velvilje frå fellesskapet ved at det blir produsert mat på fornybare ressursar og ein hindrar attgroing av utmarka. Færre sauebønder og større flokkar skapar nye utfordringar, fordi effektiv utmarksbeiting ofte er eit samarbeidsprosjekt. Vi håpar dette temaheftet kan gje idear til korleis ein kan få meir ut av utmarksbeitet, og korleis ein kan rasjonalisere drifta, også i samarbeid med andre brukargrupper i utmarka. God produksjon og effektiv drift er heilt nødvendig for at vi skal ha ei aktiv utmarksbeiteenåring også i framtida.



Bru i eit fjellbeite i Sirdalsheiane (foto Asbjørn Haga)

## I DETTE TEMAHEFTET FINN DU STOFF OM:

- Kva som kjenneteiknar ulike utmarksbeitetypar og korleis vi kan vurdere beitekvaliteten
- Korleis ein kan drive beiteskjøtsel og dermed auke tilveksten på utmarksbeite
- Kva rutinar ein bør ha før slepp på utmarksbeite, og når er søyer og lam beitedyktige
- Kva ein bør vurdere når ein skal bestemme rett sleppe- og sanketidspunkt
- Korleis ein skal sleppe, gjennomføre tilsyn, styre og sanke sauene på utmarksbeite
- Organisert beitebruk og samarbeid om bruken av utmarka



Temaheftet er skrive i 2019 av:

- Yngve Rekdal og Michael Angeloff, Norsk Institutt for bioøkonomi (NIBIO)
- Erling Skurdal og Finn Avdem, Nortura
- Vibeke Tømmerberg og Tore Skeidsvoll Tollersrud, Animalia

Alle bilete utan fotograf er teke av Yngve Rekdal.

Framsidebilete er teke av Kari Mørkve Jordalen. Baksidebilete er teke av Finn Avdem.

tlf: 03070

[medlem.nortura.no/storfe](http://medlem.nortura.no/storfe)



 **Nortura**